

Kabal er ein fusjon

23.04.2015



**Vi har tidlegare meldt at sjuandeklassa på skulen no består av 4 firma og at elevane finn det spennande å leike arbeidsliv utan at nokon av den grunn tek fram ordet barnearbeid. Men sidan vi skreiv om det sist har det skjedd noko organisatorisk. Talet på firma er redusert frå 4 til 3 fordi**

**1 har slått seg saman med 2. Med andre ord har det vore ein fusjon Det nye selskapet heiter Kabal og i marknadsføringa opplyses det at det sel fisk og origami og hogger ved. Men kva er så origami?**

Stutt sagt går det ut på å bretta med papir, får vi opplyst av gutane i selskapet i langfriminuttet. Ellers kan det opplysast at han som driv med ved er Sondre Klyve og dei to andre er Iver Andre Fossdal og Marius Hauso.

Produktsalet har så langt skjedd ved ein plakat på Spar og gutane opplyssar at dei har ein god del bestillingar. Vi ventar spent på dei første regkneskapstala!

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen